

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 16/536-4

## **Næringshagar 2016 - finansieringssak**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver slikt tilskot til Gulen og Masfjorden Næringshage for 2016: kr 150.000
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver slikt tilskot til Sognefjorden Næringshage for 2016: kr 400.000
- 3 Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver slikt tilskot til Næringshagane i Nordfjord for 2016: kr 450.000
- 4 Støtta vert avgrensa til 25% av kalkyle godkjent av SIVA innanfor næringshageprogrammet. Innovasjonsstøtte for SMB-ar føreset 25% eigenfinansiering frå målbedriftene.  
Midlane vert henta frå tenesteområde 7018 Kunnskap i budsjett 2016, midlar avsett til næringshagar.
- 5 SIVA må neste år samanstille resultatinformasjon som syner korleis målbedriftene utviklar seg over tid.
- 6 Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer at SIVA deltek i styret for Næringshagane i Nordfjord v/ Stryn Næringshage i 2016 og 2017.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

#### Vedlegg:

Handlingsplanar for næringshagane for 2016 – godkjende av SIVA

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Strategiplanar for næringshagane  
Rådata – resultatinformasjon

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

SIVA er operatør for næringshageprogrammet og planlegg ein «midtvegsvurdering» utført i 2016. Fylkeskommunen har no finansiert næringshagane i fylket i ein treårsperiode. Planen vår var ei grundig vurdering i denne saka for å avklare finansiering for ein ny treårsperiode. Sidan vi kan vente oss betre kvalitet på ei slik vurdering om eit år, vert det i denne saka kun teke stilling til 2016 finansieringa.

### **2. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

SIVA er operatør for fylkeskommunane og KMD sitt næringshageprogram. I programmet er det føresett slik finansieringsmodell; SIVA 50%, regional finansiering 25% og målbedriftene 25%. Saka handlar om regional finansiering for 2016.

Historikk - tidlegare vedtak

I sak 4/13 for fylkestinget vart det avklara finansiering for 2013, 2014 og 2015.

I notat 12/3 2015 stila til Hovudutval for plan og næring orienterte fylkesdirektøren om aktiviteten så langt.

**3. Kort om næringshageprogrammet**

Næringshageprogrammet vart i 2011 lansert i justert form som eit tiårig program. SIVA definerer på si heimeside næringshagar slik:

*«En næringshage samlokaliserer utviklingsorienterte bedrifter for å fremme vekst, samarbeid og utvikling. I næringshagen får bedriftene tilgang til kompetanse, nettverk og et faglig og sosialt fellesskap. Næringshagene skaper verdi for bedriftene, lokalsamfunnet og det regionale næringslivet. Privat næringsliv skal alltid være pådrivere til prosessen rundt etablering og utvikling av en næringshage.»*

SIVA er operatør for programmet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet og fylkeskommunane er oppdragsgjevarar.

SIVA formulerer oppgåva som operatør av næringshageprogrammet slik:

*Våre innovasjonsprogram bidrar til utvikling av oppstartsmiljø og bedriftsfellesskap. Selskapene som tas inn i programmene kalles Siva-partnere. De er profesjonelle nyskapere som gjør en formidabel innsats for utvikling av norsk næringsliv. De støtter og veileder over 2000 vekstbedrifter hvert år. En næringshage samlokaliserer utviklingsorienterte bedrifter for å fremme vekst, samarbeid og utvikling. I næringshagen får bedriftene tilgang til kompetanse, nettverk og et faglig og sosialt fellesskap. Næringshagene skaper verdi for bedriftene, lokalsamfunnet og det regionale næringslivet. Privat næringsliv skal alltid være pådrivere til prosessen rundt etablering og utvikling av en næringshage*

Næringshageprogrammet finansierer aktivitet mot konkrete målbedrifter. Næringshageselskapet kan ha anna aktivitet, men dette er ikkje finansiert gjennom næringshageprogrammet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har heile tida vore tydelege på at SIVA har oppfølgingsansvaret som operatør av programmet. Til skilnad frå SIVA er vi ikkje inne på eigarsida i næringshageselskapa.

Deltakarar i næringshageprogrammet

I Sogn og Fjordane er desse miljøa tekne opp i det landsdekkande næringshageprogrammet:

Gulen og Masfjorden næringshage.

Nettadresse: <http://www.gmnh.no>

Hovudkontor i Sløvåg

Avdelingskontor i Matre i Hordaland er føresett, men ikkje etablert

Avdelingskontor i Hyllestad er til vurdering

Dagleg leiar: Veronica Haveland

Næringshagane i Nordfjord

Nettadresse: <http://nhin.no>

Næringshagane i Nordfjord har framleis to sjølvstendige organisasjonar med to sjølvstendige styre

Hovudkontakt i høve næringsprogrammet: Stryn Næringshage

Dagleg leiar: Knut-Henning Hjellbakk

Dagleg leiar i Nordfjordeid næringshage: Arild Hjelmeland

Sognefjorden næringshage.

Nettadresse: <http://www.sognefjordennh.no>

Hovudkontor i Aurland

Avdelingskontor i Sogndal

Felles dagleg leiar for både hovudkontor og avdeling: Kristine Grønner Ohnstad

### Generelt om rapportert utvikling

SIVA har utforma eit rapporteringssystem som per mars 2016 ikkje gir oss tilfredsstillande samanstilling av resultatinformasjon med utvikling over tid.

Fylkeskommunen har fått tilsendt rådata. Rådata må korrigerast for målbedrifter som går ut og for nye som kjem inn for å gi interessant informasjon om samla utvikling i næringshagemiljøet.

SIVA ber næringshagane rapportere

- Utviklingssamtalar med målbedriftene
- Tal målbedrifter
- Auke i tal målbedrifter
- Aktivitetsoversikt
- Tal nyetableringar
- Auke i tal årsverk / tal tilsette
- FoU-aktivitet knytt til målbedriftene
- Kompetansehevande tiltak – nasjonalt
- Kompetansehevande tiltak – internasjonalt
- Kopling av relevante nettverk
- Kjønnbalanse
- Tiltak for utvikling av næringshageselskapet

Fylkeskommunen har i tillegg utfordra dei tre næringshagane til å gi ein kort omtale av meirverdien bedriftene har av å vere i miljøet.

### Eigarpolicy i SIVA

SIVA har trekt seg ut av styra for alle næringshagane og gjennomfører i staden oppfølgingssamtalar med dagleg leiar og styreleiar. Sjølv om SIVA har trekt seg ut av Næringshagestyra, har dei opning for å delta i styre der dette vert vurdert som særleg viktig.

SIVA signaliserer eit ønskje om å utvikle sterkare innovasjonsmiljø. Basert på dette ønsket har SIVA gitt Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane i oppdrag å sondere mellom inkubatorar og næringshagar for å sjå korleis samarbeidet kan styrkast.

## **4. Gulen og Masfjorden næringshage (GMNH)**

### **4.1 Resultatinformasjon**

SIVA har ikkje presentert tilfredsstillande resultatinformasjon. SIVA er operatør og må utføre denne oppgåva betre enn i dag.

Næringshagemiljøet:

GMNH har hatt ein vanskeleg start og ny dagleg leiar er på plass frå årsskiftet 2014-2015. Mellom anna derfor har det ikkje vore særleg framdrift i å få etablert eit miljø i Matre. Bedriftene i næringshagen har vore drivkraft så langt og eit viktig prosjekt har vore å realisere næringsbygget Vidsyn som vart opna i desember 2014. Næringshagen rapporterer stor kursverksemd og aktivitet for å utvikle ei kontaktflate mot verkemiddelapparatet. Næringshagen assisterer ved knoppkyting innan målbedriftene, men er samstundes klar på at det er Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU) som har ansvar for etablerararbeidet. Nyetablerte bedrifter som er komne i ein vekstfase, kan bli tekne opp som målbedrifter i næringshagen- Det vert i liten grad rapportert om at næringshagen legg til rette for bedriftssamarbeid med kommersielt siktemål.

Rekruttering av nye målbedrifter for å skape eit større utviklingsmiljø, er viktig.

## 4.2 Strategi

Profil:

GMNH skal medverke til innovasjon innanfor industri, sørvis og havbruksnæringar i regionen

Strategiske arbeidsområde:

- Utvikling av målbedriftene
- Rekruttere nye bedrifter
- Nettverksstrategi; meir kommersielt retta samhandling mellom målbedriftene

Målbedrifter:

- Næringshagen vil auke tal målbedrifter
- Målgruppe: eksisterande næringsliv med vekstvilje
- Målbedrifter i avdeling på Matre (havbruk, reiseliv, teknologi, energi og gründermiljø)
- Målbedrifter i Åfjorddalen i Hyllestad (marine næringar, industri, sørvis og gründermiljø)

Strategi for utvikling av operatørselskapet

- Ønskjer å ta nye oppgåver utanom næringsprogrammet; innan kursverksemd, webutvikling, utleige av møterom og kontorfasilitetar og konsulenttenester
- Selskapet har næringshageprogrammet som dominerande oppgåve og ønskjer å ta ei større regional rolle gjennom tettare samarbeid med Nord Hordland Næringshage, Industriutvikling Vest (<http://www.industriutviklingvest.no/>) og Gulen og Masfjorden Utvikling. Målet er å bli klassifisert som «kategori 1 næringshage» av SIVA.

## 4.3 Årsplan m/budsjett

Aktiviteten går fram av detaljert årsplan:

- Næringshagen legg i 2016 stor vekt på kompetansehevande tiltak

Måltal for 2016:

Totalt tal målbedrifter i næringshagen ved utgangen av 2016:	15	
Nye målbedriftsavgifter med nyetablerte verksemder dette året:	1	
Nye målbedriftsavgifter med etablerte verksemder dette året:	4	
Totalt tal målbedrifter samlokalisert i hovudmiljøet ved utgangen av 2016:	12	
Totalt tal målbedrifter med kvinneleg gründer ved utgangen av året:	2	
Totalt tal utviklingssamtalar planlagt:	15	
Totalt tal medlemsbedrifter (nettverksbedrifter) ved utgangen av året:		10

Årsbudsjett for aktivitet innan næringshageprogrammet:

Budsjett:

Løn og personalkostnader, (næringshageprogrammet)	Kr	590.740
Driftskostnader (føresetta dekkja med støtte til innovasjonsklynge)		150.000
Kjøp av kurs- og rådgjevingstenester / arrangementsutgifter		192.000
Kontorleige, inventar, programvare, kontorhald, rekneskap, revisjon		201.500
Reiser / diverse		<u>62.625</u>
SUM:	Kr	1.196.865

Finansieringsplan:

Sogn og Fjordane fylkeskommune	Kr	150.000
Hordaland fylkeskommune		150.000
SIVA		650.000
Innbetaling frå målbedriftene		140.000
Innbetaling frå nettverksbedriftene		25.000
Andre inntekter		<u>81.865</u>
Sum:	Kr	1.196.865

## **5. Sognefjorden næringshage**

### **5.1 Resultatinformasjon**

SIVA har ikkje presentert tilfredsstillande resultatinformasjon. SIVA er operatør og må utføre denne oppgåva betre enn i dag.

Næringshagemiljøet:

Dagleg leiar viser til at viktige bedrifter signerer for å vere med vidare og at dette er det beste uttrykket for opplevd meirverdi. Særleg i Aurlandsmiljøet vart det innleiingsvis rekruttert inn ein del verksemder utan vekstambisjonar. Desse har gått ut. I Aurland har miljøet forsøkt å bli gode på mat, reiseliv og det miljøet som samnemnar kallar grøn kompetanse. I Sogndal har arbeidet vore konsentrert om bedrifter innan ikt og teknologi.

Begge «hagane» har målbedrifter også utanom samlokaliseringstiljøa.

### **5.2 Strategi**

Profil:

- Målbedriftene tonar ned ideen om at næringshagen skal ha spesiell bransjeprofil. Målbedriftene ønskjer mangfald og dei ønskjer eit miljø med vekstbedrifter.

Strategiske arbeidsområde:

- «Næringshagen skal vera ein synleg koplar, tilretteleggjar og samarbeidspart for bedrifter i vekst.» Dette vil Sognefjorden næringshage løyse gjennom 4 arbeidsområde og eit formulert verdigrunnlag. Dei tre arbeidsområda er:
  - Samspel
    - i nettverket vårt
    - med andre nettverk
  - Utvikling
    - kompetansedeling
    - verdiskaping i verksemdene
  - Synleggjere
    - nettverket gjennom interne og eksterne kanalar
  - Rekruttere
    - verksemder som styrkar miljøet

Målbedrifter:

- Vekstbedrifter i Indre Sogn

Strategi for utvikling av operatørselskapet

- Sognefjorden Næringshage er klare på at dei har operatøroppgåva for næringshageprogrammet som klart dominerande oppgåve
- Det føregår samtalar om samarbeid med andre selskap. Prosessen har ikkje resultert i noko konkret så langt, men er prioritert i handlingsplanen for 2016
- Selskapet opplever rolla som godt avklara og økonomien som god

### **5.3 Årsplan m/budsjett**

Aktiviteten går fram av detaljert årsplan:

Samspel:

- Samarbeidsaktivitet med utgangspunkt i målbedriftene sine ønskje
- Utvikling, synleggjering og rekruttering
- Individuell bedriftsrådgeving retta mot målbedriftene

Utanom næringshageprogrammet har selskapet avtalt arbeid med 1.lineteneste for Aurland kommune fram til sommaren 2016.

Måltal for 2016:

Totalt tal målbedrifter i næringshagen ved utgangen av 2016:

23

Nye målbedriftsavgifter med nyetablerte verksemder dette året:	1	
Nye målbedriftsavgifter med etablerte verksemder dette året:	1	
Totalt tal målbedrifter samlokalisert i hovudmiljøet ved utgangen av 2016:	4	
Totalt tal målbedrifter med kvinneleg gründer ved utgangen av året:	12	
Totalt tal utviklingssamtalar planlagt:	23	
Totalt tal medlemsbedrifter (nettverksbedrifter) ved utgangen av året:		6

**Budsjett:**

Lønskostnader, kjøp av tenester, styrearbeid	Kr	1.245.000
Driftskostnader		401.000
Overskot		<u>21.500</u>
SUM:	Kr	1.667.500

**Finansieringsplan:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune	Kr	400.000
SIVA		800.000
Innbetaling frå målbedriftene		337.500
Innbetaling frå nettverksbedriftene		20.000
Andre inntekter		<u>110.000</u>
Sum:	Kr	1.667.500

**6. Næringshagane i Nordfjord****6.1 Resultatinformasjon**

SIVA har ikkje presentert tilfredsstillande resultatinformasjon. SIVA er operatør og må utføre denne oppgåva betre enn i dag.

Næringshagemiljøet:

Næringshagen på Nordfjordeid har så langt hatt som ambisjon å utvikle miljøet innan energi, teknologi og kulturbasert næring. I Stryn legg miljøet vekt på design og reiseliv. Dagleg leiar rapporterer at miljøet samla sett får betre innsikt i verdikjedene og kva som skal til for å lukkast innan dei prioriterte tema. Nokre av bedriftene utviklar kunde- og leverandørforhold. Fellestestene og fellesskapet vert generelt helde fram som positivt.

Dagleg leiar ser det som ei viktig rolle i å trekke inn ulik fagkompetanse samt risikokapital til målbedriftene. Han vurderer at næringshagen som verkemiddel har ei rolle mellom den kommersielle konsulentbransjen og verkemiddelapparatet og at næringshagen balanserer eigen aktivitet i høve marknaden som skal høyre til private konsulentar.

Begge «hagane» har målbedrifter også utanom samlokaliseringssmiljøa. Dei to administrativt tilsette fordeler oppgåver seg i mellom etter kompetanse.

**6.2 Strategi**

Profil:

Næringshagane skal vere den «naturlige arena for innovasjon og nettverking, samt vere den mest effektive katalysator for verdiskaping»

Bransjeprofil:

- Energi
- Miljø
- Teknologi
- Design
- Reiseliv

Medverke til å bygge sterke næringsmiljø:

- «Tech Hub» i Stryn
- Energikompetansesenteret på Nordfjordeid (EKS)
- IKT miljøet i Vågsøy med utgangspunkt i Lokal Host og Lefdal Gruve

Strategiske arbeidsområde:

- Rekruttering av målbedrifter
- Auka verdiskaping i målbedrifter og innovasjonsklynger
- Nettverk og internasjonalisering

Strategi for utvikling av operatørselskapet

- Ønskjer auka budsjett for å kunne fornye rolla si som aktør for å bygge næringsmiljø
- Ønskjer formelt samarbeid for å dele på funksjonar innan «innovasjonsinfrastrukturen» i Sogn og Fjordane. Også open for tettare samarbeid også i høve næringshagar på Sunnmøre / Kunnskapsparken i Ålesund

### 6.3 Årsplan m/budsjett

Årsplanen syner i tillegg til tradisjonelle aktivitetar i eit næringshageprogram, at dei to næringshagane vil bruke 2016 til fornying og omstilling:

- I Stryn er det næringshagen som del av TechHub-etableringa som har prioritet
- På Nordfjordeid er det bedriftene i Energikompetansesenteret AS som ein ønskjer skal bli del av næringshagemiljøet
- Begge næringshagane ønskjer å få nye målbedrifter som del av denne prosessen
- Næringshagemiljøet vender seg også vestover for å utvikle samarbeid med IKT-miljøet rundt Lokal Host og Lefdal gruver
- Til hausten vil miljøa evaluere NiN og utforme ein ny felles strategiplan basert på evalueringa

Måltal for 2016: (ikkje godkjent – e-post 9/12)

Totalt tal målbedrifter i næringshagen ved utgangen av 2016:	33
Nye målbedriftsavgiftar med ny-etablerte verksemdar dette året:	2
Nye målbedriftsavgiftar med etablerte verksemdar dette året:	8
Totalt tal målbedrifter samlokalisert i hovudmiljøet ved utgangen av 2016:	11
Totalt tal målbedrifter med kvinneleg gründer ved utgangen av året:	6
Totalt tal utviklingssamtalar planlagt:	66
Totalt tal medlemsbedrifter (nettverksbedrifter) ved utgangen av året:	20

Næringshagane i Nordfjord presenterer slikt budsjett for næringshageprogrammet for 2016:

Totalbudsjett knyttet til 'Handlingsplan 2016 revidert januar 16'

	Kostnader	Inntekter
Sum 'Rekruttering av målbedrifter' (eigeninnsats)	120000	
Temamyter	60000	
Kurs	200000	
Temakonferanse	300000	
Utviklingssamtaler inkl. for- og etterarbeid	90000	
Utviklingsarbeid ihht. prosjektplan for hver MB	1077500	
Tilrettelegging klyngeutvikling/drift/administrasjon	272500	
Sum 'økt verdiskaping i innovasjonsklynger og målbedrifter'	2000000	
Timer knyttet til org utvikling	50000	
Timer knyttet til styrearbeid	80000	
Timer knyttet til konseptutvikling/tjenesteleveranse	60000	
Sum 'Organisasjon og ressurser' (eigeninnsats)	190000	
Networking	200000	
Tilrettelegging internasjonale studieturer	30000	
Sum 'Nettverk og internasjonalisering' (eigeninnsats)	230000	
Egeninnsats nyetableringer		-120000
Egeninnsats organisasjonsutvikling		-190000
Egeninnsats nettverk		-230000
Inntekter målbedrifter		-575000
Tilskot SIVA/FK		-1425000
Sum	2540000	-2540000

Det er tenkt utført eigeninnsats for kr 540.000. Kr 2.000.000 til auka verdiskaping i innovasjonsklynger og målbedrifter krev økonomisk finansiering. Det er føresett at 28,75% av denne summen kjem frå målbedriftene. Restsummen – kr 1.425.000 – vert etter vanleg fordeling føresett finansiert med kr 950.000 på SIVA og 475.000 på fylket.

## **7. Vurderingar tinga av SIVA**

SIVA har gjennomført ei brukarundersøking mellom målbedriftene og dagleg leiarar i næringshagane i 2014. Fylkeskommunen har ikkje tilgang til vurderinga av den einskilde næringshagen.

Dei viktigaste funna, slik NTNU oppsummerer dei:

### ***Ledere i målbedrifter tilknyttet næringshagene (svarprosent: 22, utgjør 301 respondenter)***

- *De ansatte i næringshagen er de viktigste kunnskapsaktørene for målbedriftene, etterfulgt av andre bedrifter/gründere i næringshagen.*
- *Næringshagenes beliggenhet og lokalene oppleves gjennomgående som bra.*
- *6 av 10 bedrifter mener at utviklingsarbeidet hadde blitt påvirket negativt uten tilgang til næringshagen.*
- *Næringshagene er viktigere for målbedrifter som er fysisk lokalisert i næringshagene enn dem som ikke er lokalisert i disse. De som er fysisk lokalisert i næringshagene rapporterer gjennomgående om mer tilførsel av ressurser/kunnskap fra aktører tilknyttet næringshagen.*
- *For mer detaljerte tilbakemeldinger fra målbedriftene; se fila med de individuelle tilbakemeldingene.*

### ***Næringshageledere (svarprosent: 78, utgjør 34 respondenter)***

- *Næringshagelederne opplever i stor grad at Siva gjennom næringshageprogrammet tilfører de nettverk til andre næringshager og innovasjonsselskap, samt kompetanse innen forretningsutvikling.*
- *Næringshagelederne framhever at troverdigheten til næringshagen er klart styrket som følge av tilknytningen til Siva sitt næringshageprogram. Sivas nettverk oppfattes å ha høy verdi, og av aktivitetene i programmet oppfattes nettverkstiltak som ledersamlinger og Sivanett som relevante.*
- *Næringshagelederne rapporterer gjennomgående at de samarbeider godt med Siva, synes det er enkelt å samarbeide med Siva, og at ansatte i Siva er engasjerte.*
- *Næringshagelederne er lite tilfredse med rapporteringsverktøyet AVI.*
- *Næringshageprogrammet til Siva er helt avgjørende for det tilbudet som gis. Halvparten av næringshagene ville hatt mindre bredde i tilbudet og/eller færre bedrifter i miljøet dersom de ikke var en del av næringshageprogrammet. Videre ville 36 % av næringshagene ikke vært i drift uten programmet. Næringshagelederne oppgir tilskudd den viktigste forklaringen på den høye addisjonaliteten, men de framhever også tilgang til nettverk som viktig.*

«



## **8. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Finansiering:

	Gulen og Masfjorden næringshage	Sognefjorden næringshage	Næringshagane i Nordfjord
Godkjent kostnadsgrunnlag	Minst 1.200.000	Minst 1.600.000	Minst 1.800.000
Samla støtte frå SIVA	600.000	800.000	900.000
Samla støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskom.	150.000	400.000	450.000
Samla støtte frå Hordaland f.k.	150.000	-	-
Eigeninnsats frå målbedriftene, %	Minst 25%	Minst 25%	Minst 25%

Finansieringa vert fordelt slik

- 90% innovasjonsstøtte for SMB-ar
- 10% støtte til innovasjonsklynge

### Plankonsekvensar

Innsatsen medverkar til å:

- å få nye arbeidsplassar som er attraktive for ungdom
- arbeid med fornybar energi spesielt og generelt at verksemdar samarbeider lokalt bør ha positive miljø- og klimakonsekvensar
- Næringshagane har tydeleg mål om innsats retta mot kvinner

## **9. Konklusjon**

Fylkesdirektøren vurderer at næringshagane er eit viktig verkemiddel for å utvikle næringsmiljø i sine deler av fylket. Det tek tid å utvikle verkemidlet. Fylkesdirektøren merkar seg med interesse at det no vert tenkt nytt i Næringshagane i Nordfjord. Omstillingsarbeidet i Nordfjord bør følgjast opp tett av SIVA. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør derfor be SIVA delta i styret for NH i Nordfjord ein periode fram til at omstillinga er vel gjennomført.

SIVA leverer framleis rådata for å informere fylkeskommunen (som er medeigar i det nasjonale næringshageprogrammet) om utviklinga. Dette er ikkje tilfredsstillande. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør få bearbeidde data med ei vurdering av resultat.

Fylkesdirektøren tilrår finansiering for 2016 og vil på bakgrunn av SIVA si midtvegsevaluering og det vi vonar er godt samanstilt resultatinformasjon om den einskilde næringshagen, komme attende med ei grundigare vurdering i 2017.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)